



Jostein Alvsvåg
Skarsvegen 367a
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/6352 - 23/71275

Saksbehandlar:
Laila Bjørge
laila.bjorge@alver.kommune.no

Dato:
12.09.2023

Svar på spørsmål til landbrukskontoret - gbnr 145/6 Fosse indre

Spørsmålet ditt går på om det er lov å ha to hus på eit gardsbruk. Så lenge husa allereie ligg der er det ingen som kan nekta deg å ha to hus.

I jordlova er det omsynet drifta på bruket har til hus som bestemmer om ein kan få byggja fleire bustadhus. Eit hus er vanlegvis kurant, men det skal vera ei betydeleg husdyrdrift for å gje løyve til hus nr. 2 utan å måtte søkja om dispensasjon frå arealplan. Har drifta behov for to bustadhus vert det rekna som å vera i tråd med LNF-føremålet, og difor ein enklare søknadsprosess.

Dersom ikkje ein har stor nok husdyrdrift, må ein søkja om dispensasjon og det er desse sakene som vert sendt på høyring til statsforvaltar og som dei har klagerett på kommunen sitt vedtak. Merk at dette i hovudsak gjeldt nye hus.

Det vil vanlegvis verta gitt løyve til å bygga opp att hus etter brann, og eg har ikkje opplevd at det har vorte gitt avslag på slik søknad.

Vonar at dette var svar på spørsmålet ditt.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Jostein Alvsvåg

Skarsvegen 367a

5911

ALVERSUND